



Sak nr 20/2012

Møtedato: 20.6.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S560

S560, Kvitehaugen – søknad om tilbygg på sel og oppføring av skåle

Marit Lome og Svein Lund søker om å få føre opp ny skåle og tilbygg til selet. Tilbygget er på ca 6 x 6 m; ca 34 m² (BYA). Eksisterande sel er måler 7,85 m x 6,5 m; 51 m². Samla areal etter påbygging blir 85 m² (BYA). Skålen måler 6 x 3 m; 18 m² (BYA). Teikningar og situasjonsskisse er lagt ved søknaden.

Stølen blir brukt til mjølkeproduksjon.

Stølen er i bruk og søknaden skal behandlast etter § 10 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog skriv i brev datert 31.5.12 at det ikkje er merknader til det omsøkte tilbygget.

Fylkeskommunen skriv i e-post datert 20.6.12 følgjande: *Kulturarvenheten har ingen merknader til omsøkte tiltak, men vil anmode om at det bygges i henhold til lokal tradisjon og byggeskikk, og at tilbygget harmonerer med eksisterende sel i fargevalg/overflatebehandling, materialvalg og vinduer.*

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte skåle og tilbygg på sel og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Marit Lome og Svein Lund
Vestre Slidre kommune
Statskog
Oppland fylkeskommune, Kulturarvenheten